

# Referat frå møte i Samarbeidsutvalget (SU) Ombo oppvekstsenter

Måndag 8. mai 2023, 08.30-10.00

Møte nr. 2/2023.

Møte fysisk og på Teams.

Innkallinga er send til:

Line Flesjaa (leiar SU og FAU), Marius Trøim (repr. foreldre barnehage), Sunniva Nårstad (repr. foreldre 1.-2. klasse), Hege Berglund (repr. foreldre 4.-6. klasse), Rasmus Bø (repr. tilsette skule), Tove Bergjord Tysdal (repr. tilsette barnehage), Frid Rørheim (repr. andre tilsette), Eline Wolden Bersagel (repr. Stavanger Kommune), elevrådet (Ailo Soma Nårstad og Tiril Nårstad, v/ Rasmus Bø), Hanna Skartveit (rektor og referent).

Ikkje til stades:

Eline Wolden Bersagel melde forfall på førehand. Line Flesjaa og Marius Trøim deltok via Teams.

Sak 17-22/23: Godkjenning av møteinnkalling og saksliste.  
Godkjent.

Sak 18-22/23: Godkjenning av referat frå SU-møte 20. februar 2023.  
Godkjent.

Sak 19-22/23: Saker frå Elevrådet.

- Elevarbeid om motivasjon.
  - o Ailo og Tiril informerte om oppdraget dei fekk av skulesjefen Jørn Pedersen om å diskutere kva motivasjon er og kva som gjer dei motiverte. Dei syns det var ei kjekk oppgåve og at det var nyttig å tenke over kva som gjer dei motiverte.
  - o Det som motiverer dei er bl.a.: Å få gjere kjekke ting eller spele noko på slutten av veka viss dei har jobba bra. Sist fredag fekk dei spele Nurf i gymsalen på slutten av skuletida, fordi dei hadde jobba godt heile veka.

Sak 20-22/23: Informasjon frå rektor.

- Oppdatering om uteområdet.
  - o Arbeidet skal nå vere lagt ut på anbud og vi ventar på omdatering frå arkitekten.
  - o Etter planen skal arbeidet gjerast i haust og det skal ta ca. 3 mnd.
  - o Dei skal ta ein del om gongen og antageleg byrje på Borga/klatreveggen.
- Svøm Stavanger til hausten.
  - o Til hausten blir det symjing for 1.-4. klasse med Svøm Stavanger. På onsdagar kl. 09.05 – 09.50. Då er dei på Eidssund kl. 11.00. 5-åringane skal ikkje vere på Svøm Stavanger. Vi håpar å få tid til at dei eldste får litt symjing på slutten av året.

- Eigentleg er det kun 2. og 4. trinn som har rett på symjing med Svøm Stavanger, men vi får ta med 1.-4. Derfor har vi bare Svøm Stavanger annankvart år.
- Nytt kommunikasjonssystem: Vigilo.
  - Vi skal nå ta i bruk i eit nytt administrasjons- og kommunikasjonssystem som heiter Vigilo. Dette skal også barnehagen bruke frå hausten av. Sjå informasjon på minskole.
  - Foreldra må laste ned Vigilo-appen. Kvar elev har ei mappe. Kommunikasjonsmodulen for skule-heim er ikkje aktivert ennå, så dei kjem ikkje inn i dag.
  - I morgon skal staben på kurs og vi aktiverer då kommunikasjonsmodulen.
- Informasjon om neste skuleår.
  - Marie er tilbake i 100 % frå hausten (etter studiar).
  - Klassesdelinga blir 1.-3. og 5.-7. trinn. Det kjem 3 nye 1. klassingar.
  - Kontaktlærarar blir som nå.
- Informasjon om neste barnehageår.
  - Vi har bare 4 barn i barnehagen til hausten, så vi vil ha overtallighet i ein periode framover. Det vil kun vere 2 vaksne på jobb per dag, i tillegg til utførar 3 dagar i veka.
  - I tillegg vil det vere 3 barn i SFO; 2 i 100 % og 1 i 60 %.
  - Vi held nå på å planlegge korleis vaktene blir neste barnehageår.
- SU til hausten.
  - Leiar for FAU og SU, Line Flesjaa, er ferdig til sommaren. Det må velgast ny person.
  - Tove: Det bør velgast nytt FAU før sommaren. Vi bestemte å gjere dette på sommarfesten 21. juni.
- Tannhelseopplæring for 5.-7. trinn på Finnøy torsdag 11. mai.
- Skjermfri veke denne veka (veke 19).
  - Er det mogleg å samkjøre skjermfri veke med dei andre oppvekstsentera neste år? Det gjer det enklare å gjennomføre for dei som har sysken på andre øyar. Hanna sjekkar med Hilde og Alice om dette er aktuelt.

#### Sak 21-22/23: Saker frå FAU.

- Ingen nye saker.
- FAU minnar om kampanjen for Trygg Trafikk. Det er viktig at alle som køyrer er bevisste på dei som sykklar eller går, men også at ungane er bevisste når dei sykklar eller går på vegen. Det er ikkje trygt å bruke øyrepluggar eller øyrefelefonar når ein går eller sykklar på vegen.

#### Sak 22 -22/23: Ymse.

- 17. mai på Ombo.
  - Det er FAU som har ansvar for skulen i toget og fana til skulen.
  - Frid: Ønske om å kjøpe ein ekstra bæresele til fana, så elevane kan byte på å bære den. Fana er tung. Milian Flesjaa har ytra ønske om å bære fana. Kven skal i så fall betale for ny sele? Det er kanskje naturleg at 17. mai komiteen betalar for denne. Frid sjekkar kor ein kan kjøpe slike og pris.
  - Sunniva er i komiteen. Ho kan hente fana på skulen den 16. mai kl. 17.00.
  - Skulen v/Frid gjer klar dei små fanene som har blommar der ein limer bilde av alle elevane.

- Planen er at korpset (v/Marie) kjem til Ombo som i fjor, men dette er ikkje 100 % avklart. Dei treng privatbåt.
- Skal skulen kjøpe nye sparkesyklar?
  - Hanna sjekkar om det er regler for kva type sparkesyklar vi evt. kan kjøpe.
  - Det er eit premiss at dei er av god og solid kvalitet, samtidig som at dei ikkje kan vere alt for dyre.
  - Line: FAU har litt pengar att, som kanskje kan brukast på dette.

Sak 23-22/23: Neste møte.

- Neste SU-møte blir måndag 18. september 2023.